

## **Emnerapport: våren 2014**

### **Emnekode og navn: NOSP102 Nordisk: Moderne språk**

#### **Faglærers vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** Éin lærar hadde alle førelesingane og øvingstimane. Ein annan lærar hadde nynorskurs og retta og kommenterte den obligatoriske oppgåva. Sjølv om det er krevjande for éin lærar å ha all den ordinære undervisninga, gav det god samanheng i semesteret.

Frammøtet til undervisninga er gjennomgåande dårleg. På det meste var det over 100 registrerte studentar på emnet, men alt frå første førelesing var talet på frammøtte studentar under 50, og det låg på anslagsvis 35–45 gjennom semesteret.

**Strykprosent og frafall:** Det var registrert noko over 100 studentar på det meste, og 68 som tok eksamen, dvs. om lag 1/3 fråfall. Om lag 2/3 av fråfallet skjedde før den obligatoriske oppgåva, som 79 levte. Strykandel:  $9/68 = 13\%$ .

**Karakterfordeling:** Nokså normal sett under eitt, men få toppkarakterar. Sjå vedlegg.

**Studieinformasjon:** Tilfredsstillande.

**Tilgang til relevant litteratur:** Alt tilgjengeleg på Studia (bøker og kompendium).

#### **Faglærers vurdering av rammevilkårene**

**Lokaler og undervisningsutstyr:** Tilfredsstillande lokale.

**Andre forhold:** Undervisninga på dette emnet bør vere på Sydneshaugen skole, ettersom det er meininga at læraren skal ha ein times pause mellom førelesinga i første og andre time og oppgåvegjennomgangen i fjerde time. Dette semesteret var halvdelen av undervisninga på Dragefjellet, og då er læraren nøydd til å bli i auditoriet i den tredje timen òg, eller så går det meste av tida med til å forflytte seg mellom undervisningsrom og kontor.

#### **Faglærers kommentar til studentevaluering(e)**

**Metode – gjennomføring:** Sluttevaluering på Mi side som låg ute om lag frå undervisningsslutt til etter eksamen. To e-postar til studentane med oppmoding om å svare. Det kom likevel berre 25 svar.

**Oppsummering av innspill:**

- #1 **I hvilken grad er du generelt fornøyd med undervisningen i dette emnet?** (choice) Svært fornøyd: 13; Fornøyd: 11; Verken fornøyd eller misfornøyd: 1
- #2 **I hvilken grad er du fornøyd med den vekten de ulike emnene har fått i undervisningen?** Hvis du er misfornøyd, er det fint om du legger inn kommentar under spørsmål 4. (choice) Svært fornøyd: 6; Fornøyd: 16; Verken fornøyd eller misfornøyd: 2; Misfornøyd: 1
- #3 **Hva mener du om mengden forelesinger og oppgavetimer?** (choice) Det bør være som nå.: 14; Mer av begge deler.: 5; Mindre av begge deler: 1; Flere forelesinger, færre oppgavetimer: 3; Færre forelesinger, flere oppgavetimer: 2
- #4 **Er det noe i undervisningen du er spesielt godt fornøyd med?** (text) I kortform: Mykje ros til begge lærarane for både kunnskap, engasjement og kontakt med studentane. Bra med oppgavetimar og nynorsk kurs og grundig tilbakemelding på obligatorisk oppgåve.
- #5 **Har du innspill om hvordan undervisningen kan forbedres?** (text) I kortform: Nokså få konkrete innspel. Éin misnøgd med at ein ikkje føreset kunnskapane frå ex.fac., men startar nokså elementært. Éin misnøgd med engasjementet hos førelesaren. Éin meinte emnet er for stort og bør delast i to. Éin misnøgd med undervisningsstart kl. 8.15. Nokre innspel om betre disponering av tid til oppgåver og ønske om gjennomgang av alle oppgåvene.
- #6 **Hva synes du om kvaliteten på pensumet?** (text) I kortform: Ein del innspel, men i ulike retningar. Fleire studentar peikar på at det er uheldig at *Språkets mønstre* ikkje er oppdatert om nynorskrettskrivinga. To studentar meiner at *Grammatikken i bruk* ikkje er noka god bok (rotete, vanskeleg å forstå).
- #7 **Hva syns du om omfanget av pensumet?** (choice) For stort: 5; Passe: 20
- #8 **Har andre kommentarer til emnet?** (text) I kortform: Stort sett ikkje. Noko meir ros til lærarane. Éin misnøgd med at språkhistoria var sentral på eksamen.

**Ev. underveistiltak:** Nei.

### **Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:**

Undervisninga bør leggest til Sydneshaugen skole for at opplegget med oppgavetimar skal kunne gjennomførast etter intensjonen.

Frammøtet er for svakt utan at det i særleg grad kan skyldast misnøye med undervisninga. Fråfallet er for stort, men det kan nok komme av at mange studentar melder seg til eksamen utan nokosinne å begynne på studiet.

Studentane ser ut til å vere godt nøgde med undervisninga, og det er ikkje noko i tilbakemeldingane som skulle tilseie vesentlege endringar i opplegg. Når det gjeld pensumet, må ein i framtida passe på å få formidla korleis *Språkets mønstre* er forelda (om det ikkje kjem ny utgåve), og ein bør ha i tankane at *Grammatikken i bruk* ikkje framstår som heilt ideell.

Strykprosenten er relativt høg, men ikkje overraskande om ein ser han i samanheng med den svake deltakinga. Andelen av toppkarakterar er liten, utan at det kan peikast på nokon einskild grunn til det.

**FS580.001 Resultatfordeling**

Eksamen: NOSP102 0 S 2014 VÅR

Nordisk: Moderne språk - Skriftlig skoleeksamen

Karakterregel: Beste: A, Bestått: E, Dårligste: F

15,0sp

-

	Totalt	Kvinner	Menn
Antall kandidater (oppmeldt):	95	73	22
Antall møtt til eksamen:	68	55	13
Antall bestått (B):	59	48	11
Antall stryk (S):	9	7	2
Antall avbrutt (A):	0   13%	0   13%	0   15%
Gjennomsnittskarakter:	C	C	C
Antall med legeattest (L):	0	0	0
Antall trekk før eksamen (T):	0	0	0

Karakter	Antall	Antall kvinner
E	6	5
D	16	13
C	25	19
B	10	9
A	2	2

